

Tanum menighetsråd 2020

Innkalling

1. vara. / Sissel blir innkalla fast til møta, dei andre etter behov.
Evt. forfall til møtet skal meldast leiar, Erling 91598234 / erlingsol.esl@gmail.com snarast.

Møtestad:	Tanum kyrkje NB, merk staden!
Møtedato:	Onsdag 23.09.2020
Tid:	Kl. 18.00 – 21.00
Sakliste nr:	05 / 2020

Sak 35 / 2020: Godkjenningar

- Utsendt innkalling / sakliste datert 16.09.2020
- Referat frå møtet 26.08.2020. To personar til å underskrive referatet.

Forslag til vedtak: Innkalling / sakliste og referat godkjennest.

Sak 36 / 2020: Meldingar / referat- og info.-saker

- NMS (15.09.20): Gratulerer med 1 år i nytt menighetsråd !
- Tanum menighetsråd: Sportskapellteneste 20.09.20
- Kyrkjeleg organisering: Kyrkerådets prosjektgrupper arbeider no intenst med å koma med forslag til korleis DNK skal organiserast i høve til rammene i den nye Trus- / livs-synslova (- frist for forslaga er februar 2021)
Masse info. under Kyrkjelig organisering
- Klokkar- og kyrkjevertsamling i Tanum prestegard 15.09.2020
- Oversikt fellesarrangement for Tanum menighet og Tanum KFUK/M ligg på nettet.
- Fleire konfirmasjonsgudstenester pr dag pga smitteverntiltaka enn oppsettet med klokkarar og kyrkjevertar viser.
- Gudstenestene julekvelden og 1. juledag. Korleis skal/kan dei gjennomførast?

Forslag til vedtak: Vi tek meldingar, referat- og info.-saker til orientering

Sak 37/2020: MR's bidrag under konfirmasjonsgudstenestene

Sak 38/ 2020: Status for MR-arbeidet pr. september -20

Vi går gjennom oppgåvene våre og skaffar oss ein oversikt over kvar vi står, kva som har gått ut, kva har blitt sett på vent, og korleis MR-situasjonen blir framover (jfr årsplan, utvalsområde, smittevernplanar, m.m.).

Forslag til vedtak: Vi tek gjennomgangen til orientering og aktuelle oppgaver / ansvarsområde blir fylgt opp iht. gjennomgangen.

Sak 39 / 2020: Økonomi, - rekneskapsrapport pr. 31.08.20

Det visest til budsjett 2020, sak 26 / 2020, og 2. tertialrapport datert 31.08.20.

Kasserar oppsummerar MR's økonomiske situasjon.

Forslag til vedtak: Vi tek kasserars oppsummering av den økonomiske situasjonen til etterretning.

Sak 40 / 2020: Budsjett 2020 – justering

Det visest til budsjett 2020, sak 08, 26, 31 og 38 / 2020, samt 1. og 2. tertialrapport 2020.

Kasserar orienterar om forslag til justert budsjett for 2020.

Forslaga vil bli sende ut av leiar som e-post.

Forslag til vedtak: Vi vedtek kasserars framlegg til justert budsjett 2020.

Sak 41 / 2020: Uteståande konfirmantavgift frå 2019 / 2020-kullet

(Oppdatert info. på møtet.)

Vi tek stilling til korleis vi slutfører dette; - meir purring, redusert avgift, ettergjeva avgifta (avskrivning) ?

Forslag til vedtak:

Sak 42 / 2020: Smittevernberedskap / planar

Det visest til sak 33 / 2020, planar / rutiner for kyrkjelege handlingar, - spesielle planar for konfirmantabeidet, babysang og Knerten familieklubbsamling.

Ut frå heilskaps-vurderingar (26.08. / praktiske erfaringar) så er planane våre godt innafor rammene DNK har gjeve og menighetens smittevern-arbeid kan "stemplast" godkjent.

Forslag til vedtak: Aktuelle smittevernplanar godkjennest.

Sak 43 / 2020: Lokal grunnordning for gudstenestene - justering

Viser til brev datert 16.06.20 til alle menigheter i Tunsberg om denne prosessen, og sak 31 / 2020.

Vi prøvar å skissere ein plan for korleis denne prosessen skal gjennomførast.

Forslag til vedtak:

Eventuelt

(Saker skal meldast ved møtestart, og gjevast saksnummer etter aktualitet.)

Opning og enkel bevertning: Erling

Vi skal sitja i midtgangen i kyrkja med koronaavstand slik vi ha gjort dei siste møta.

Larvik, 16.09.2020

Asle, Erling, Kari